

Planutvalet, møte 22. juni 2016

Arbeidsdokument 2/16 - Regional plan for klima og miljø

1. Innhald i arbeidsdokumentet

- Bakgrunn for arbeidet
- Internasjonale og nasjonale føringar
- Regionale føringar
- Avgrensing og mål for planen
- Planprogram og føremålet med planarbeidet
- Prosess – medverknad, organisering
- Framdrift

2. Bakgrunn for arbeidet

Arbeidsdokumentet kjem i kjølevatnet av FU og FT si handsaming av regional planstrategi no i juni. For å halde framdrifta på framlegga i planstrategien, legg vi fram eit drøftingsdokument der vi ber om signal som grunnlag for den vidare prosessen med dei andre aktørane i fylket.

I sak til FT 14.06 om regional planstrategi 2016 – 20 for Sogn og Fjordane, ligg klimautfordringane inne som ein av dei overordna utfordringane i fylket. I framlegget frå FU står det i pkt. 7:

Fylkestinget vedtek revidering/rullering av følgjande planar (i nemnde periodar):
b. Regional plan for klima og miljø (2016 – 2017)

Gjeldande regional plan «Fylkesdelplan for klima og miljø» gjaldt frå 2009, og tilhøyrande handlingsprogram har vore rullert kvar annan år. Gjeldande handlingsprogram for klima og miljø går ut 2017. Det er difor viktig å ha ein ny regional plan for klima og miljø klar samtidig som nytt handlingsprogram skal utformast. Planarbeidet vil gå føre seg parallelt med utarbeiding av m.a. ny regional transportplan.

Det Grøne Skiftet:

Det grønne skiftet var det mest brukte nyordet i 2015 og blei kåra til årets ord i 2015. Det grønne skiftet er eit godt døme på at samfunnsendringar skaper viktige og varige nyord.

Den tradisjonelle tilnærminga til klimaendringar har vore å satse på teknologiske tiltak for reduksjon av klimagassutslepp og «*klimatilpassing*». Med klimatilpassing ligg det å kome opp med tiltak for å beskytte samfunnet og å utnytte mulegheiter som klimaendringar kan gje. FN sitt klimapanel har teke til orde for ei ny tenking rundt dette, såkalla «*klimaomstilling*», som sikter til endring av dei grunnleggande eigenskapane til eit system. Klimaomstilling siktar til at det er naudsynt å setje inn omfattande tiltak, som kan endre samfunnet på systemnivå, relativt raskt. (IPCC, 2013). Klimaomstilling referer til den heilskaplege samfunnsendringa som må til for at ein både skal kunne skape eit samfunn med lågare utslepp og vera førebudd på dei endringane som kjem. Ein må ha eit grønt skifte i samfunnet, heilt frå internasjonalt nivå og ned på individnivå. Klimautfordringane er ei av dei største utfordringane som menneskeheita har stått ovanfor, og fører til store sosiale og økonomiske konsekvensar. Vi må difor handle raskt og på alle nivå i samfunnet. Dette er ei stor utfordring, men som vi kan gjere noko med. Sogn og Fjordane bør

bidra med sin del, og vi ynskjer gjennom arbeidet med ein ny regional plan å definere korleis Sogn og Fjordane kan klimaomstille seg. Korleis kan eit grønt skifte skje i fylket vårt?

Tilråding

Planutvalet tek informasjonen til vitande og ber om at nytt handlingsprogram for perioden 2018 – 2019 vert utarbeidd saman med den nye klimaplanen, innafor den tidsramma som FT har gitt.

3. Internasjonale og nasjonale føringar

Den 12. desember 2015 signerte 195 land ein global klimaavtale i Paris (COP21), som erstattar Kyoto-avtalen som vart vedteke i 1997 (gjeldande frå 2005). Paris-avtalen forpliktar partane, også Noreg, til å redusere sine utslepp av klimagassar og rapportere jamleg på framdrifta.

Den globale temperaturauken skal framleis haldast under 2°C, men avtalepartane har no sett seg mål om å stabilisere den på 1,5 °C. Frå før har FN sitt klimapanel uttalt at det nærast er umogleg å stabilisera temperaturauken på under 2 °C, då det vil krevje ei svært drastisk og rask omstilling på verdsbasis. At så mange land signerte avtalen, viser at situasjonen blir tatt alvorleg. Verda må gjere dramatiske endringar for å bli eit nullutsleppssamfunn.

Dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging (2015-19) som kom i juni 2015 er svært tydelege på klimaomsyn, m.a. innanfor arealbruk og transport. Hovudbodskapen er at all samfunnsplanlegging skal legge til rette for lågare utslepp, og samstundes vere tilpassa klimaendringar no og i framtida. Samstundes må det leggest til rette for auka verdiskaping og næringsutvikling, samt innovasjon og vekst i nye og grønne næringer.

Norsk klimapolitikk er basert på klimaforlik inngått i Stortinget i 2008 og 2012. Forliket er eit resultat av at det er brei politisk semje om at Noreg skal ta eit ansvar for reduksjon i klimagassutslepp gjennom ein aktiv nasjonal politikk. Etter det siste klimaforliket er det spesielt Paris-avtalen som legg internasjonale føringar for arbeidet med ny regional plan for klima og miljø.

«Vi er den første generasjonen som kan merke effekten av klimaendringane, og vi er den siste generasjonen som kan gjere noko med det.» @BarackObama

Statsminister Erna Solberg vart i starten av mai-16 invitert saman med dei andre nordiske statsleiarane til Det Kvite Hus, for å diskutere felles utfordringar og for å lære av kvarandre. Eit viktig tema under møtet var korleis Noreg har tatt grep for å møte klimautfordringane, og korleis vi aktivt jobbar med å følgje opp internasjonale avtalar. Arbeidet med ein ny regional plan for klima og miljø må ta innover seg dei nasjonale avtalane som gjeld på feltet, og kor mykje det hastar å ta grep for å hanskast med klimautfordringane. FN sitt klimapanel tek til orde for eit taktskifte i klimaarbeidet, der ein går frå klimatilpassing til klimaomstilling.

Det hastar med å setje inn tiltak for å bli eit nullutsleppssamfunn, og klimaomstillinga må skje allereie i perioden som denne regionale planen skal gjelde for. Vi må gå frå ord til handling, og gjennom planarbeidet konkretisere kva dette betyr for regionen og for dei ulike aktørane.

I ein kronikk til VG i januar 2016, skreiv klima- og energiminister Vidar Helgesen at 2-gradersmålet i Paris-avtalen ikkje berre var eit luftig politisk mål, men at det faktisk er ein målestokk for kva naturen kan tåle før klimaendringane blir alvorlege og ikkje lenger mogleg å kontrollere. Paris-avtalen representerer eit globalt tidsskilje, og det vedgår i høgste grad norsk økonomi og norske arbeidsplassar. Vidar Helgesen tek til orde for at Noreg må føre ein politikk som gjer Noreg attraktiv for forskning, innovasjon, investeringar og arbeidsplassar innan ny teknologi. Dette er også viktig for Sogn og Fjordane, og arbeidet med ein ny regional plan må ta opp i seg potensialet for at eit grønt skifte kan gjere oss attraktive innanfor utviklinga og bruken av ny «grøn» teknologi.

Tilråding

Planutvalet tek informasjonen til vitande og ber om at føringane vert teke med i det vidare planarbeidet.

4. Regionale føringar

Tidlegare fylkesdelplan

Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtok 24. mars 2009 *Fylkesdelplan for klima og miljø*, som bygger på Kyoto-protokollen. Planen er ein omfattande plan (92 sider), som gjennom planarbeidet

la vekt på å få fram ein samla og forpliktande klimapolitikk for fylket. Fylkesdelplanen er ei hjelp og støtte til regionale styresmakter og kommunane i eige klimaarbeid.

Fylkesdelplan for klima og miljø 2009		
REDUKSJON AV KLIMAGASSUTSLEPP		TILPASSING TIL KLIMAENDRINGANE
Overordna mål: Sogn og Fjordane fylke skal ta sin del for å nå dei nasjonale måla om å bli klimagassnøytral i 2030		Overordna mål: Sogn og Fjordane skal vere best mogleg budd på klimaendringane og ikkje bygge ny sårbarheit inn i samfunnet.
PRODUKSJON	FORBRUK	
Industri	Forbruksdrivande klimagassutslepp	Klimaendringar og regionale ulikskapar
Transport	Reiseliv	Landskap, biologisk mangfald og leveområde
Landbruk		Havnivåauke
Reiseliv		Transportsektoren
Offentleg sektor generelt		Landbruk
Den fylkeskommunale verksemda		Fiskeri og fiskeoppdrett
		Infrastruktur
		Bygningar
		Vasskraftproduksjon
		Samfunnsendringar og klimatilpassing
		Reiseliv

Gjeldande plan er ein stor og omfattande plan, med tilhøyrande handlingsprogram. Tilbakemeldinga har m.a. vore at dokumentet er for omfattande, noko som gjer til at tilhøyrande handlingsprogram er krevjande å følgje opp. Gjennom arbeidet med planprogrammet må ein ha ein dialog rundt gjeldande plan, for å forbetre denne og legge opp til ein ny regional plan som gjer klare føringar for korleis ein skal jobbe vidare. Det vert viktig å implementere klimaomsyn i arbeidet med alle nye og eksisterande planar og strategiar, slik at klima vert eit omsyn ein må ta konkret stilling til i alt plan og strategiarbeid.

Regional planstrategi (RPS)

I kunnskapsgrunnlaget for RPS peikar vi på at ei av hovudutfordringane i fylket vårt er knytt til klimagassutslepp og sårbarheit for eit endre klima. Knytt til klimagassutslepp ser ein at fylket har høgast utslepp innan industri, landbruk og transport. Utslepp innan industri-sektoren står for over halvparten av utsleppa. For å redusere utslepp peikar RPS også på at fylket skal delta i bygging av verdikjedar som gjev netto nullutslepp, innan bygg, ferje/båttransport og innkjøp.

I tillegg til tekstlege føringar i planstrategien, vil vi i planarbeidet ta med oss dei mange innspela frå høyringsrunden som er relevante for planen.

Tilråding

Planutvalet ber om planarbeidet bygger på gjeldande plan med mål om å forenkla og tydeleggjere dei viktige føringane vidare. Planarbeidet må og bygge på kunnskapsgrunnlaget til regional planstrategi og dei mange innspela i høyringa.

5. Avgrensing og mål for planen

Det vert viktig å avgrense ein regional plan. Temaet «klima og miljø» kan dekke nokså mange og ulike områder og sektorar. Ei spissing og avgrensing av ein regional plan vil gjere planen og handlingsprogram meir mogleg å gjennomføre.

Ordet «miljø» i namnet på planen skapar eit inntrykk av at dette er ein miljøplan i tillegg til ein klimaplan. Miljø kan femne om mange andre tema enn dei som vert handsama i gjeldande klimaplan, til dømes ureining, truga artar av dyr og plantar, miljøovervaking m.m. Fylkesrådmannen vil rå til at vi i dette planarbeidet spissar planen inn mot klima, og tek tak i den overordna føringa frå Paris-avtalen om å jobbe med klimaomstilling

Regional plan for klima kan då tydelegare bidra til å vise korleis Sogn og Fjordane kan bidra til å omstille seg til eit nullutsleppssamfunn. I dette ligg både å sjå på korleis vi kan redusere utslepp, tilpasse oss klimaendringane og meir generelt tema for samfunnsendringar.

Eit overordna mål for planarbeidet vert å sjå på korleis Sogn og Fjordane kan bli eit føregangsfylke i det grøne skiftet, og bidra i tråd med nasjonale og internasjonale målsetjingar. Vi utnyttar dei lokale og regionale verkemidla til å bygge verdikjedar for eit samfunn med netto nullutslepp. Vi skal og vere eit pilotfylke i arbeidet med å auke produksjon av alle typar fornybar energi. I dette ligg ei viktig føring om at vi skal ta omsyn til tap av naturmangfald, friluftsområder, kulturminer og landskapsverdiar på eit berekraftig nivå.

Tilråding

Planutvalet ber om at ny regional plan for klima får arbeidstittelen «Klimaomstilling i Sogn og Fjordane». Planutvalet vil at ambisjonsnivået i høve gjeldande plan ikkje vert redusert og at arbeidet munnar ut i ein forpliktande klimapolitikk. Planen skal konkretisere strategiane på vegen mot eit nullutsleppssamfunn og vise korleis Sogn og Fjordane kan bli eit føregangsfylke i det grøne skiftet.

6. Planprogram og føremålet med planarbeidet

Planprogrammet skal konkretisere tema for utgreiingar og vurderingar, og i størst mogleg grad konkretisere viktige spørsmål og problemstillingar innafor dei einskilde tema. Forenkla:

- Planprogrammet skal stille dei gode spørsmåla
- Planarbeidet skal svare på spørsmåla.

Eit viktig føremål med planarbeidet er å etablere dialog og samarbeid med kommunane, regionale aktørar, frivillige laga og organisasjonar, næringsliv og innbyggjarar. Dette for å på best mogeleg vis utforme ein regional plan som speglar oppfatninga i regionen. I dette arbeidet er målet å kome fram til konkrete strategiar og mål for vidare utvikling i region for å verte eit nullutsleppssamfunn. Det vert viktig å involvere næringslivet i region, då desse vil sitte på kompetansen ein treng å utvikle for å verte eit berekraftig nullutsleppssamfunn innan relativt kort tid. Vi bør utfordre kulturbaserte næringar og samfunnsentreprenørar på korleis dei kan bidra i utviklinga, og saman komme fram til gode samarbeid og løysingar for at dette let seg gjere.

Sogn og Fjordane fylkeskommune bør gjennom planarbeidet definere kva som skal til for at vi får ei klimaomstilling i fylket, og kva tema ein skal ha hovudfokus på.

Ein revidert regional plan for klima vil vere med å bidra til at ein meir målretta jobbar for å nå dei overordna måla for fylket innan klima (RPS 2016-20):

- Fylket deltek i bygging av verdikjeder som gjev netto nullutslepp, innan bygg og ferje/båttransport og innkjøp
- Fylket følgjer opp klimautfordringane gjennom reduksjon av klimagassutslepp og tilpassing til klimaendringane med mål som er tråd med nasjonale og internasjonale målsetjingar, bl.a. Paris-avtalen (2015)

Kriterium for og val av tema i planen vil verte definert i handsaming av planprogrammet.

I planarbeidet legg vi opp til å skilje mellom ein kunnskapsdel, ein strategidel og eit handlingsprogram:

- Kunnskapsdel	Status, utviklingstrekk og utfordringar
- Plandel	Strategiar, satsingsområde og mål for planperioden
- Handlingsprogram	Innehalde prioriterte tiltak

Tematisk vil vi ta utgangspunkt i dei to tema i gjeldande plan, *utsleppsreduksjon* og *klimatilpassing*, men og konkretisere andre samfunnstema som er avgjerande for å få til ei meir omfattande omstilling. Med klimatilpassing meinast å redusere eller eliminere negative konsekvensar og kostnader ved m.a. heva havnivå, ekstremvær, ras og flaum.

Det er viktig å stille seg sjølv gode spørsmål før ein tek til med arbeidet med ein regional plan. Døme på slike spørsmål er:

- Korleis kan dei ulike aktørane i fylket bidra til å møte utfordringane med klimaomstilling?

- Kva kan vi gjere for å få eit dramatisk kutt i klimagassutsleppa våre?
- Korleis kan ein vende ei klimaomstilling til noko positivt for fylket vårt? (Potensialet i etablering og implementering av ny teknologi, og vidareutvikling av denne?).
- Kva kvalitetar har vi allereie som vi bør vidareutvikle?
- Kva føresetnadar har fylket for å møte nasjonale og internasjonale mål knytt til utsleppsreduksjon og klimatilpassing?
- Innanfor kva tema har fylkeskommunen og andre definerte aktørar best potensiale for å bidra til å nå klimamål?
- Kva naturressursar og kvalitetar har vi i regionen som bør være grunnlag for ei klimaomstilling?
- Kva er dei største behova for endringar i samfunnet og korleis kan vi på best mogeleg måte møte desse?
- Kva verkemiddel har vi på regionalt nivå som kan nyttast for å bidra til klimaomstilling ute i kommunane?
- Korleis kan ein jobbe annleis enn tidlegare for å få enno raskare resultat i vegen mot nullutsleppssamfunn?
- Kva er status i fylket vårt ved start av arbeidet med utforming av planprogrammet?
- Med utgangspunkt i eksisterande data, kva treng vi å finne ut meir om for å få ein mest mogeleg prosess rundt planprogrammet?

I kunnskapsgrunnlaget for RPS er det vist til at det er transport, industri og landbruk som har størst utslepp av CO₂. Planen må likevel ha fokus på alle deler av samfunnet, samtidig som vi må gjere nokre avgrensingar i høve kva vi faktisk kan gjere noko med.

Aktuelle sektorar og område for arbeidet kan vere:

- Industri
- Transport (inkluderer både vare-, kollektiv- og privattransport)
- Grøn næringsutvikling
- Reiseliv
- Landbruk
- Kommunal- og fylkeskommunal verksemd
- Fiskeri og oppdrett
- Energiproduksjon (vannkraft, hydrogen o.l.)
- Landskap (biologisk mangfald, leveområde og klimatilpassing)
- Infrastruktur
- Avfall og forbruk (gjelde hushald, og større einingar)
- Klimakommunikasjon (samarbeid, haldningsskapande arbeid, kommunikasjon, informasjonsarbeid).

I arbeidet med uttale til NTP har det kome opp eit behov for å få eit felles «*metode-, verktøy-, måltall-, vektning-, og omgrepsapparat for å kvantifisere og følge opp det vidare klimaarbeidet...*» Fylkesrådmannen meiner det er viktig at vi nyttar eige arbeid med klimaplanen til å utarbeide eit slikt verkty til bruk m.a. i regional transportplan og i handsaming av søknadar, anbod m.m.

Tilråding

Planutvalet sluttar seg til at det gjennom handsaming av planprogrammet vert konkretisert tydelegare mål for planarbeidet, avgrensing av arbeidet og konkretisert meir spesifikke behov for utgreiingar. Planutvalet ber og om at planprosessen tek omsyn til andre og nye regionale planar under utarbeiding i perioden og gjev tydelege føringar for anna planarbeid. Planutvalet sluttar seg til at ein tek utgangspunkt i dei tema som ligg i notatet i det vidare arbeidet med planprogrammet. Planutvalet ber og om at ein i planarbeidet søker å få fram eit verkty for å kvantifisere viktige deler av klimaarbeidet.

7. Prosess – medverknad, organisering

Gjennom høyring av planprogrammet vil vi invitere kommunane og andre aktørar til å utforme eigne problemstillingar og spørsmål som er viktige å drøfte innfor einssilde tema. Vi meiner også

at det i arbeidet med planprogrammet vert viktig å avgrense tal tema for å målrette prosessen mest mogeleg. Vi må difor gjennom ein prosess der vi ser på dei ulike tema, og velje kva tema vi skal ha hovudfokus på. I dette arbeidet vil vi evaluere gjeldande plan og handlingsprogram for å ta med oss det positive og gjere framlegg om naudsynte endringar og avgrensingar.

Eit hovudkriterium for om vi lukkast med ein regional plan for klima, er om vi klarar å forankre planarbeidet internt i fylkeskommunen og ute i kommunane. Det er og viktig å ha god forståing og forankring hjå andre regionale aktørar, sentrale delar av næringslivet og viktige organisasjonar. I tillegg må det setjast av tid og ressursar til å hente inn kunnskap der vi ser at dette manglar.

Gjennomføring av planarbeidet må skje i eit tett og forpliktande samarbeid mellom aktørane både med omsyn til økonomiske og faglege ressursar. I arbeidet med planprogrammet må vi difor få fram forventna ressursbruk og legge ein konkret finansieringsplan for det vidare arbeidet.

For å drive arbeidet fram foreslår vi at det vert tatt utgangspunkt i eksisterande klimagrupper. Den regionale styringsgruppa for regionalt klimasamarbeid, der KS, FM og FK deltek, vil kunne fungere som ei administrativ styringsgruppe for prosessen. Den etablerte tverrfaglege klimagruppa i fylkeskommunen fungerer som ei intern arbeidsgruppe.

I prosessen med planprogrammet vil vi i drøftingane med dei andre aktørane vurdere behovet for å etablere ulike referanse- og temagrupper. Vi føreset at dei einkilde kommunane som deltek etablerer eigne interne informasjons- og forankringsprosessar for å støtte opp under fellesprosessen.

Tilråding

Planutvalet sluttar seg til bruken av eksisterande klimagrupper og ber samtidig om at omtalen av prosessen synleggjer god involvering frå dei viktige aktørane i fylket.

8. Framdrift

Dato	Kvar	Merknad
onsdag 22. juni 2016	Planutvalet	Drøfte rammene for planprogrammet
Aug.- okt. 2016		Møter og utforming av planprogram
10. oktober 2016	PU	Arbeidsdokument 2/16 – drøfte utkast til planprogram
onsdag 2. november 2016	FU	Planprogram ut på høyring
Januar 2017	FU	Vedtak planprogram
Vår 2017		Konsekvensutgreiing og utforming av plan
15.08-10.10.2017	FU	Høyring av plan med konsekvensvurderingar
Desember 2017	FT	Vedtak plan m/handlingsprogram

Tilråding

Planutvalet sluttar seg til framdriftsplanen som ei råde for arbeidet vidare.

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Svein Arne Skuggen Hoff
plansjef

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑